

VESTLAND REVISJON

Kommunalt Oppgåvefelleskap

Forretningsadresse: Førde, Sunnfjord Rådhus, Hafstadvegen 42, 6800 Førde
Postadresse: Postboks 487, 6803 Førde - Org.nr. 923 249 478 MVA
E-post: postmottak@vestrev.no

Bankkonto 3705 40 64838
Dagleg leiar **Asgeir Tveit**
Mobilnr. 908 74 388
E-post: asgeir.tveit@vestrev.no

Kinn kommunestyre

Kopi: Kontrollutvalet
Formannskapet
Kommunedirektøren
Dagleg leiar

Dykkar ref.:

Vår ref.:
At

Arkivkode:

Journalnr.:

091/2021

Dokumentdato:

10.05.2021

REVISJONSMELDING FRÅ UAVHENGIG REVISOR

Denne revisjonsmeldinga erstattar revisjonsmelding datert 15.04.2021.

Konklusjon

Vi har revidert årsrekneskapen for Bordgleder Kinn kommune KF for 2020 som viser eit netto driftsresultat (underskot) på -kr. 74.894,- og eit resultat på kr 0,-.

Investeringsrekneskapen er gjort opp med eit udekket beløp på kr. 11.033,-.

Årsrekneskap, som består av balanse per 31. desember 2020, oversikt over løyvingar til drift og investering, økonomisk oversikt drift og oversikt over samla budsjettavvik og årsoppgjersdisposisjonar for rekneskapsåret som vart avslutta per denne datoen, samt notar til årsrekneskapen.

Etter vår meining er årsrekneskapen levert i samsvar med lov og forskrifter og gir eit rettvise bilete av den finansielle stillinga til Bordgleder Kinn kommune KF pr. 31. desember 2020, og av resultatet for rekneskapsåret som vart avslutta pr. denne datoen i samsvar med lov, forskrift og god kommunal rekneskapsskikk i Noreg.

Grunnlag for konklusjonen

Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god kommunal revisjonsskikk i Noreg, medrekna dei internasjonale revisjonsstandardane (ISA-ane). Våre oppgåver og plikter etter desse standardane er beskrivne under overskrifta *Revisors oppgåver og plikter ved revisjon av årsrekneskapen*. Vi er uavhengige av klienten, slik det er krav om i lov og forskrift, og har etterlevd dei andre etiske pliktene våre i samsvar med desse krava. Etter vår oppfatning er innhenta revisjonsbevis tilstrekkeleg og føremålstenleg som grunnlag for konklusjonen vår.

Leiinga sitt ansvar for rekneskapsoppstillinga

Leiinga er ansvarleg for å utarbeide rekneskapsoppstillinga og for at den gjev ei dekkande framstilling i samsvar med krav i lov og forskrift som er relevante for å utarbeide ei slik rekneskapsoppstilling, og for slik intern kontroll som leiinga finn nødvendig for å gjere det mogleg å utarbeide eit rekneskap som ikkje inneheld vesentlig feilinformasjon, korkje som følge av misleghald eller feil.

Revisor sine oppgåver og plikter ved revisjonen av årsrekneskapen

Vårt mål med revisjonen er å oppnå tryggande sikkerheit for at årsrekneskapen totalt sett ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av feil eller misleg framferd, og å gi ei revisjonsmelding som inneheld vår konklusjon. Tryggande sikkerheit er ei høg grad av tryggleik, men ingen garanti for at ein revisjon utført i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Noreg, og ISA-ane, alltid vil avdekke vesentleg feilinformasjon som eksisterer. Feilinformasjon kan oppstå som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta. Feilinformasjon blir vurdert som vesentleg dersom den åleine eller samla, innanfor rimeleg grenser, kan forventast å påverke økonomiske avgjerder som brukarane tar, basert på årsrekneskapen. Med vising til ISA 700, syner vi til vidare omtale av revisor sine oppgåver på NKRF si heimeside: <http://www.nkrf.no/revisjonsberetninger>

Utsegn om andre lovmessige krav

Konklusjon om registrering og dokumentasjon

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er omtalt ovanfor, og kontrollhandlingar vi har funne nødvendige etter internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000 «Attestasjonsoppdrag som ikke er revisjon eller forenklet revisorkontroll av historisk finansiell informasjon», meiner vi at leiinga har oppfylt si plikt til å sørge for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av selskapet sine rekneskapsopplysningar, i samsvar med lov og god bokføringsskikk i Noreg.

Konklusjon om årsmeldinga

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er omtalt ovanfor, meiner vi at årsmeldinga inneheld dei opplysningane som lov og forskrift krev, og at opplysningane om økonomi i årsmeldinga stemmer overeins med årsrekneskapen.

Utsegn om forklaring for vesentlege budsjettavvik

Vi har utført eit attestasjonsoppdrag som skal gje moderat sikkerheit, knytt til Bordgleder Kinn kommune KF si forklaring for vesentlege budsjettavvik, anten det skuldast beløpsmessige avvik eller avvik frå selskapet sine premisser for bruken av løyvingane.

Konklusjon

Basert på dei utførte handlingane og innhenta bevis, er vi ikkje blitt kjende med forhold som gjev grunn til å tru at årsmeldinga ikkje gir dekkande opplysningar om vesentlege budsjettavvik.

Andre tilhøve

Utan at det betyr noko for våre konklusjonar, vil vi presisere at rekneskapen ikkje vart avlagt innan fristen i kommunelova 22. februar 2021.

Med helsing

Asgeir Tveit

Statsautorisert revisor/Dagleg leiar

VESTLAND REVISJON

Kommunalt Oppgåvefellesskap